

# Bondeposten 1/2021

Informasjonsskriv frå avdeling plan og forvaltning, nr. 1/21.

27. årgang.

Ansvarleg redaktør:

- Haldis K. Nilsen

Redaksjon:

- Torborg Kleppa
- Anne Kari Skogerbø
- Kristofer Tveiterå.

## Innholdsoversikt

1 [Bruk av landbruksbygg til andre næringar](#)

2 [Rekoring](#)

3 [Gardsutsal](#)

4 [Innovasjon Norge](#)

4.1 [Prioritering av investeringsmidler](#)

4.2 [Webinar 24. februar](#)

4.3 [Frittgåande verpehøns](#)

5 [Mjølkekvote i 2021](#)

6 [Kommunalt tilskot til nydyrking](#)

7 [Tilskot til drenering](#)

8 [SMIL-midlar](#)

9 [Gjødslingsplan](#)

10 [Søknad om produksjonstilskot](#)

11 [RMP](#)

- 12 [Handlingsplan for nedkjemping av ugraset landøyda](#)
- 13 [Kurs: Motorsag](#)
- 14 [Planting og ungskogpleie - felles skogkulturprosjekt](#)
- 15 [Tilskot til tettare planting og gjødsling av skog](#)
- 16 [Eig du skog? Få ein fagleg bost om forvaltning av skogen din](#)
- 17 [Vinterlandbrukskulen 2021/2022](#)
- 18 [Statistikk 2020](#)
- 19 [Digital landbrukskonferanse](#)
- 20 [Autorisasjon for kjøp og bruk av plantevernmiddel](#)
- 21 [Jaktsesongen 2021](#)

# 1 Bruk av landbruksbygg til andre næringar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet har gitt ut ein rettleiar som heiter «[Garden som ressurs](#)».

Denne rettleiaren viser kva for næringar som kan reknas som landbruk, og kva som er landbrukstilknytta næring basert på garden sine ressursar. I dei nemnde næringane kan du nytta bygningar på garden eller bygga nye utan å søke dispensasjon.

Vidare viser rettleiaren kva næringar du ikkje kan starta opp med og ta bygningar i bruk til. For å endre bruken av bygget, må du laga reguleringsplan eller søke om dispensasjon.

Tek ein bygningar i bruk til eit anna føremål enn det dei var bygde til og godkjent brukt til, skal du uansett søke om bruksendring etter plan- og bygingslova.

## 2 Rekoring

Ryfylke Rekoring starta opp i november 2020. Lokale og regionale matprodusentar samlast for å tilby forbrukarane matvarer direkte frå produsent.

REKO betyr RETtferdig KOnsum. Salsfenomenet REKO er sal av matvarer utan mellomledd. Utleveringsstaden har til no vore på Tau, medan fredag 12. februar blir det på torget på Jørpeland.

Kundane bestiller varene direkte frå produsent på førehand, og så skjer utleveringa til fastsette tider.

[Ryfylke rekoring har eiga Facebookside.](#)

### 3 Gardsutsal

Hjelmeland Naturlegvis! jobbar med ny nettside som snart skal lanserast. Målet er at «*all relevant informasjon skal finnast på ein plass*». Nettsida skal gi levande og aktuell informasjon om tomter, bustad- og hyttetilbod, bedriftsoversikt, næringsareal, arrangement og aktivitetar, fritidstilbod med meir.

I denne samanheng ønsker me å publisera informasjon om alle gardsutsal i kommunen. Me ønsker at alle fast- og fritidsbuande og besøkande blir kjent med lokale landbruksprodusentar og produkta.

Har du gardsutsal som du ønsker å få publisert på den nye nettsida, så gi tilbakemelding til kommunen innan 23. februar! Tilbakemeldinga sender du på epost til [postmottak@hjelmeland.kommune.no](mailto:postmottak@hjelmeland.kommune.no).

Ta med

- Gardsnamn/namn på gardsutsalet (det namnet du ønsker at kunden skal kjenna att)
- Logo
- Kontaktinformasjon: kontaktperson, telefon, e-pos, adresse
- Link til heimeside/Facebookside
- Send gjerne og ein kort tekst med bilde som beskriv gardsutsalet/garden

Har du spørsmål eller ønsker meir informasjon om dette prosjektet, ta kontakt med prosjektleiar for Hjelmeland Naturlegvis! Jan S. Grimstad, telefon 40439012 eller e-post [jan.sverre.grimstad@hjelmeland.kommune.no](mailto:jan.sverre.grimstad@hjelmeland.kommune.no)

## 4 Innovasjon Norge

### 4.1 Prioritering av investeringsmidler

Fokus på mjølkefjøs for inntil 30 kyr med basis i eige grovfôrgrunnlag. Satsing på frukt og grønt vil ha særleg merksemd og det same gjeld miljøutfordringar. Det kan gis ekstra tilskot for bygg i tre. Her er midlar til nokre tiltak i samband med generasjonsskifte.

### 4.2 Webinar 24. februar

## Kva kan bønder søke Innovasjon Norge om?

Stor investeringsvilje blant bøndene i Rogaland førte til at Innovasjon Norge i fjor var tomme for midlar før sommaren. Vil det skje i år og?

Innovasjon Norge skal også i år særleg prioritere ombygging frå båsfjøs til lausdrift i mjølkeproduksjonen og bruk under tretti mjølkekyr. Kva andre prosjekt kan det søkast midlar til?

### Program

- Status i næringa – Statsforvaltaren
- Prioriteringar i Rogaland- Rogaland Fylkeskommune
- Litt om prioriteringar, status m.m. – Innovasjon Norge
- Pause
- Spørsmål/dialog

[Meld deg på og les meir om webinaret.](#)

Du vil få tilsendt ei lenke til arrangementet nokre dagar før webinaret.

Målgruppe: Bønder, jordbrukssjefar, skogbrukssjefar, næringsjefar, næringshagar og andre interesserte.

### 4.3 Frittgåande verpehøns

I 2020 var 84 % av alle verpehønsa i Rogaland frittgåande i aviar (frittgåande i større bursystem). Rogaland har om lag 30 prosent av all eggproduksjon i Noreg.

Betydelege summar er investert i egg-næringa dei siste åra for å tilfredsstille krav til dyrevelferd og forbrukarane sine krav om egg frå frittgåande høns. Mange egg-produentar investerte tungt i omlegginga i 2012 då nakne nettingbur blei forbode. Ca. 60 % av bønder i Rogaland la om til miljøbur med vagle, reir og strøbad. Alternativet var aviar.

Dei siste tre åra har 67 produsentar lagt om frå miljøbur til aviar/frittgåande. Ein reknar 1,5 – 2,5 millionar kr pr. produsent som har pp til konsesjonsgrensa på 7500 verpehøns, dvs. investering på 100 - 150 millionar kroner dei siste tre åra i eggnæringa i Rogaland.

Desse to omleggingane viser kor utsett næringa er for krefter utanfrå, og kor lite føreseieleg politikken er på området. Det er innlysande at dette er tøffe tak for produsentane når toppmoderne utstyr i 2012 må vrakast i 2017, og det betyr indirekte at store summer går tapt i næringa.

## Innovasjon Norge

Det er gitt noko midlar frå Innovasjon Norge til investeringane, men det er ikkje mykje kvar egg-produsent får når kr 41,6 millionar kroner i 2020 skulle delast med driftsgreiner som mjølk, frukt, grønt, lokalmat, bioenergi, reiseliv med meir. I 2020 fekk egg-produsentar 150 000 kr kvar i støtte til omlegginga.

Innovasjon Noreg Rogaland får berre 8 % av dei nasjonale investeringsmidlane, men har 20 - 30 % av total landbasert matproduksjonen. Bøndene må difor ta mykje av risikoen ved investeringane sjølv i tillegg til stor eigeninnsats.

I følge Innovasjon Noreg er det ikkje investeringsmidlar i 2021 til omstilling i verpehønsproduksjonen.

## 5 Mjølkekvote i 2021

7. desember 2020 gjorde Tine som marknadsregulator greie for marknadssituasjonen i 2020 og prognosane for mjølkeproduksjon og mjølkebehov i 2021. I 2020 gav koronapandemien auka etterspørsel etter mjølkeprodukt som følgje av endra måltidsvanar. I tillegg kom bortfall av grensehandelen. Tine forventar at etterspørselen etter mjølkeprodukt vil halda seg inn i 2021 og det er behov for å bygge opp lagra av blant anna ost.

Landbruks- og matdepartementet fastsetter forholdstalet på disponibel kvote for kumjølke til 1,07 for 2021.



## 6 Kommunalt tilskot til nydyrking

Kommunen har i budsjettet for 2021 sett av kr 200 000,- til tilskot til nydyrking. Retningslinjene frå 2019 gjeld. Det vert gitt tilskot til nydyrking til jordbruksproduksjon. Tilskot til fulldyrking og overflatedyrking. Det må vere eit gyldig dyrkingsløyve for arealet du søker tilskot til.

Frist for dyrkingstilskotet er 3 år, eller same frist som dyrkingsvedtaket dersom dyrkingsløyvet går ut om 2 år, så varer ikkje løyve om tilskot heller lengre. Du kan maksimalt søke tilskot til/få tilskot til 20 da pr. år. Ingen søknadsfrist, tilskot vert løyvd fortløpande så lenge her er pengar att for inneverande år. Du må søke tilskot og ha gyldig vedtak før du startar dyrkingsarbeidet.

**Søk om tilskot til nydyrking.**

## 7 Tilskot til drenering

Det er ei statleg ordning med tilskot til drenering av jordbruksjord. Du kan søkje tilskot til drenering av tidlegare drenert jordbruksjord. Det går og an å søkjer om tilskot til areal som er planert i staden for dyrka.

Det kan søkast tilskot til systematisk drenering – tilskot pr. da, tilskotssatsen er kr 2000,- pr. da. For anna grøfting, dvs. enkle grøfter i areal, avskjeringsgrøft ol – kr 30 pr. meter, maksimalt inntil kr 2000 pr. da. Det kan og gis tilskot til omprofilering av areal. Ingen søknadsfrist, saker blir behandla fortløpande.

Drenering i areal som vart drenert/dyrka før dyrkingsforskrifta kom i 1997, blir sendt på høyring til Rogaland Fylkeskommune i tilfelle her kan vere kulturminne under vanleg pløyedjupne. Du bør difor berekne litt tid frå du søkjer om tilskot til du får vedtaket. Du må vente på svar på søknad før du kan starte dreneringsarbeidet, elles vert søknaden avslått.

## 8 SMIL-midler

For 2021 har Statsforvaltaren i Rogaland vedteke at ein skal satse på opprydding av gamle piggrådgerde. I Hjelmeland kan ein levere piggråden gratis på Viganeset til IVAR sitt anlegg. Husk å få med kvittering for mengde innlevert. For at du skal få levert gratis må her vere sortert. Piggråden må ikkje henge på pålar og nett. Vilkår for denne ordninga er ikkje klare ennå. Me kjem tilbake med meir informasjon når ordninga er klar.

Utover dette er her og SMIL-midler til skjøtsel av biologisk mangfald. Ein kan og få SMIL-midler til eventuell kartlegging eller utarbeiding av skjøtelsplan for biologisk mangfald. For eksempel slåtteeenger, solblom, haustingsskog, kydlestuvar osv..... Det blir gitt tilskot til restaurering av ein del byggverk som er typiske og viktige for vårt kulturlandskap. Til bygningar gir ein tilskot til utvendig restaurering; kledning, takteking, glas, ytterdør, mur ol. Det kan og gis tilskot til gamle bruer, restaurering av steingardar, uthus, ferdselsårer osv.

Det er og tilskot til enkelte ordningar for å redusere forureining/miljøtiltak. Dersom du har søkt tilskot til tak på gjødsellager frå Innovasjon Norge og fått avslag, kan du prøve om du får tilskot gjennom SMIL-ordninga. Det kan og gis tilskot til lagringsplass for grasballar.

Vilkår for å kunne søke;

- Tiltaket må vere på ein landbrukseigedom eller område verna etter naturmangfaldlova eller kulturminnelova.
- Tilskot kan gis til føretak som fyller vilkår om produksjonstilskot.
- Tilskotet kan og gis til eigar av landbrukseigedom dersom det føregår ein produksjon på eigedomen som fyller vilkår for produksjonstilskot.
- Eigar kan søke tilskot, sjølv om ein ikkje driv sjølv, men då er vilkåret at jorda er i drift og dei som driv jorda fyller vilkår om produksjonstilskot.

## 9 Gjødslingsplan

Me minner om at det er krav om årleg gjødslingsplan. Planen skal vise bruk av all gjødsel, både husdyrgjødsel og kunstgjødsel. Dersom du leiger ut spreieareal/tek imot husdyrgjødsel frå andre, så skal også dette med i gjødslingsplanen. Leigd jord skal og med i planen. Planen skal vere eit godt verktøy for deg som bonde for å få ei avling av god kvalitet, ved å nytte næringsstoffa som er i jorda og tilført gjødsel best mogleg. God nok lagerkapasitet er viktig slik at du får køyrd ut husdyrgjødsel på laglegast tid, dvs. mesteparten tidleg i vekstsesongen – om våren og etter 1. slått.

Gjødslingsplanen skal innehalde kart som viser skifteinndeling. Planen skal vere sett opp skiftevis og skal innehalde følgjande for kvart skifte; areal i da, jordart og jordanalyse, forgrøde, årets vekst, forventa avling pr. da, årets gjødslingsbehov, og bruk av husdyrgjødsel og kunstgjødsel i type og mengde.

## 10 Søknad om produksjonstilskot

Det er utbetaling av produksjonstilskot og avløyartilskot 2020 onsdag 17. februar. Klagefristen er 3 veker frå du mottek vedtaket som er utbetalingsbrevet.

## Produksjonstilskot 2021

Det er teljedato for husdyr, som og dannar grunnlag for avløyartilskot 1. mars. Søknadsfristen er 15. mars.

Landbruksdirektoratet har fått nytt utsjåande på nettsida si. Nå må me leita på ny for å finne kvar me kan gå til søknad om produksjonstilskot og andre søknadar via denne sida. [Lettaste «sti» eg har funne er landbruksdirektoratet.no si framside, eit stykke nede på sida finn du «ofte brukte ordningar» Produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket, gå til søknadsskjema i høgre marg, start tjeneste og du loggar på til skjema.](#)

Alternativet er å gå rett via Altinn og leite etter rett skjema der.

# 11 RMP

## RMP 2020

Utbetaling 12. mars. Du mottok utbetalingsbrevet ein gong mellom 26. februar og 12. mars. Ver OBS på at klagefristen på 3 veker gjeld frå tidspunktet du får melding om vedtak/vedtaksbrevet, og dette er før du får pengane på konto! Endelege satsar er lik førebels satsar.

### RMP 2021

Hjelmeland kommune har sendt innspel til styringsgruppa for RMP og SMIL. Dei hadde møte 29. januar 2021. Me ønsker at Hjelmeland og kan ta del i ordninga med tilskot til miljøvennleg gjødselspreiing. Kommunen har og sendt innspel om å utvide ordninga med tilskot til turstiar, høg tilrettelegging, til og å gjelde for turstiar som ligg innan 3 km frå regulert hyttefelt. Dette fordi me har inntrykk av at bruken av turområda er like stor når dei ligg i nærleik av regulert hyttefelt som når dei er i nærleik av regulert bustadfelt.

Tilbakemeldinga frå styringsgruppa er: *Behandlinga av førespurnad frå Hjelmeland kommune om å utvide tilskotsområdet for miljøvennleg gjødselspreiing og utvide ordningar med tilskot til turstiar: Styringsgruppa avslår begge forslaga frå Hjelmeland kommune. Vi ønsker å utvide tilskotsområdet for miljøvennleg gjødselspreiing så snart økonomisk handlingsrom gjer det mogleg. Styringsgruppa ønsker ikkje endre tursti-ordninga slik at hyttefelt kjem inn i høgaste sats. Rogaland fylkeskommune opplyser om at det er mogleg å søkje støtte frå andre tilskotsordningar for å legge til rette for friluftsliv.*

Elles kan me opplysa at registreringsdato for RMP er 31. juli. Dvs. at kydlestuvar du skal kydla i år, turstiar som skal merkast og skiltast, og andre tiltak blir «telt» midt på sommaren, sjølv om søknadsfristen er i oktober.

# 12 Handlingsplan for nedkjemping av ugraset landøyda

Landøyda er ein svært giftig plante som er skadeleg for beitande dyr. Storfe og hest som beiter på landøyda kan få alvorlege leverskadar. Nå har fleire aktørar i Rogaland gått saman om ein felles plan for nedkjemping av landøyda. Planen er utarbeidd av aktørane Forum ku, Mattilsynet, Rogaland bondelag, Norsk landbruksrådgiving Rogaland, Felleskjøpet Rogaland Agder, Karmøy kommune og Statsforvaltaren i Rogaland.

Målet er å redusera bestanden av landøyda i Rogaland og hindre spreiding til nye område, samt hindre skade på husdyr som følgjer av beiting på planten.

## Utdrag frå handlingsplanen

Grunneigar – luke og sprøyte mot landøyda, motivere andre i problemområda til å gjere tiltak, melde frå til kommunen om problemområde. Kommunal landbruksforvaltning – informasjon, synfaringar og vurdere reaksjon i tilskot til landbruksføretak, vurdere fare for spreiding av landøyda i samband med søknadar om massefyllingar, oppfølging av driveplikt i jordlova mm. Vegeigar – dette må avklarast – driftsavtalar om kantslått og skjøtsel mm. Bondelag, NLR mfl. skal informere om tiltak, lage avtalar med andre partar mm. Allmenta – melde ifrå om ugrasproblem til aktuell kommune.

Handlingsplanen er eit samarbeid mellom regionale og lokale styresmakter, næringsliv og næringsorganisasjonar. Det skal vere nytt møte for desse 18. mars.

Kontaktpersonar er Forum Ku v/Alf Egil Vaula: alf.egil@tveit.no Tlf.: 93440430 og Statsforvaltaren i Rogaland v/Monica Dahlmo, fmromda@statsforvalteren.no tlf.: 51 56 89 66.

## **13 Kurs: Motorsag**

Grunnleggjande vedlikehald av motorsag og hogstteknikk totalt 15 timar. Ein manglar framleis nokon fleire påmeldte før ein kan halda kurs. Ungdom under 18 år samt lærlingar/studentar kan få kr 500,- i støtte frå rentemidlar i kommunen.

Meld deg på til Tårn Sigve Schmidt, telefon 916 24 802.



## 14 Planting og ungskogpleie - felles skogkulturprosjekt

Skogeigerar som har gjennomført hogst bør starte å leggja ein plan for ny skogproduksjon. Det er krav om planting innan 3 år etter hogst. Denne tidsfristen er den same om ein skal omdisponere arealet til beite.

På god skogsmark er det viktig å komme i gong tidleg for å unngå ekstrakostnader med uønska konkurranse frå ugras og anna vegetasjon. I mange tilfelle kan 2-årige planter som gir større overleving mot konkurrerande vegetasjon og skadedyr (gnag på rothals frå gransnutebiller) vere aktuelle. Det beste er å bruke foredla plantemateriale tilpassa område og høgdelag, ein vil då sikre eit godt økonomisk resultat med høg produksjon og god kvalitet.

For å få ei god etableringa er det viktig at plantefelta blir følgd opp med ungskogpleie og eventuelt suppleringsplanting i den kritiske etableringsfasen, dette er normalt fram til trea er blitt 2-4 meter høge, eller når konkurranse frå anna vegetasjon er overvunne.

Til skogkulturtiltak i skogen kan ein nytta skogfond, i tillegg til gode tilskotordningar. Tilskotssatsar og informasjon kan du få frå kommunen på heimesida, e-post og tlf.

Treng ein hjelp til å utføre plantearbeid og ungskogpleie har ein i Hjelmeland tilgang på lokal arbeidskraft. Rasmus Hagalid-Stokkeland busett på Hagalid kan tilby planter, plantearbeid og anna skogtenester. Han har og muligheit for å skaffe furufrø om det er ønskelig å forynge med noko anna en gran. Kontakt informasjon: [stokkeland@rs-skog.no](mailto:stokkeland@rs-skog.no), tlf.: 40649917

Kommunane Sandnes, Strand, Hjelmeland og Suldal er einige om eit prosjekt saman med Statsforvaltaren i Rogaland med satsing på aktivitet i skogbruket, med størst fokus på auka aktivitet innan planting og ungskogpleie. Ein håpar på oppstart med prosjektet i løpet av 2021.

## **15 Tilskot til tettare planting og gjødsling av skog**

Det er ei nasjonal rame på 29 millionar kroner til tilskot til tettare planting ved forynging etter hogst og gjødsling av skog i 2021. Send søknad om tilskot til kommunen digitalt via Altinn eller på papirskjema. Ved å plante fleire planter per dekar bidrar du til auka karbonbinding i skogen. Skogeigarar som plantar inntil 50 planter meir pr. da enn fastsett, bonitetsavhengig minimumsantal, kan få tilskot.

## **Tilskot til tettare skogplanting som klimatiltak 2021**

Tilskot til tettare planting ved nyplanting: 60 %

Tilskot til suppleringsplanting: 30 %

Søknadsfrist er 1. august og 7. november. For seint innkomne søknader får ikkje tilskot.

## **Tilskot til gjødsling av skog som klimatiltak 2021**

Tilskot til gjødsling av skog: 40 %

Søknadsfrist er 15. september. For seint innkomne søknader får ikkje tilskot.

Gjødsling handlar om å tilføra nitrogen slik at treet aukar opptak av næringsstoff. Tilveksten i barskogen aukar, noko som igjen gir auka tømmerpris ved sluttavverkning og større lager av karbon i skogen.

# 16 Eig du skog? Få ein fagleg bost om forvalting av skogen din

Kva skal til for å få best mogleg skogproduksjon, klimagevinst og økonomi på skogeigedom? Fire korte kveldswebinar gir deg som skogeigar fagleg påfyll.

Rogaland er eit fylke med stort potensiale for skogbruk og generelt gode moglegheiter for høg skogproduksjon. Det er mange grep ein skogeigar kan gjere for å oppnå ein økonomisk og berekraftig skogforvalting på sin eigedom, men kvar bør ein starte?

Her er invitasjon til kveldswebinar med eit grunnleggande skogtema for kvart webinar. Serien er planlagt med innspel frå kommunane i Rogaland og blir arrangert i samarbeid med Skogkurs og AT skog. Eit kurs var i slutten av januar.

## Program

- Torsdag 11 februar, 19:00 – 20:30 Smart planting for optimal bruk av arealet
- Torsdag 4 mars, 19:00 – 20:30 Ungskogpleie – kvifor og korleis
- Torsdag 18 mars, 19:00 – 20:30 Praktisk bruk av skogbruksplanen på din eigedom

[Påmelding og meir detaljert program for kvart webinar på nettsida til Statsforvaltaren i Rogaland](#) og [Facebooksida Statsforvaltaren og bonden i Rogaland](#) 14 dagar før webinarret. Webinarar er gratis og blir helde på Teams. Statsforvaltaren sender ut link til påmeldte nokon dagar i forkant.

# 17 Vinterlandbrukskulen 2021/2022

Vinterlandbruksskulen i Ryfylke bli i Sauda skuleåret 2021/2022.

Skulen har 1. årig agronomutdanning. Alle kan søke uavhengig av kva kommune ein bur i.

Fag; husdyrfag, jord- og plantekultur, økonomi og driftsleiing, gardsdrift, utmark og kulturlandskap, traktor og maskiner.

Undervisninga skal vere tysdag og onsdag kveld, torsdag på dagtid, og ein laurdag i månaden.

Søknadsfrist er 1. mars 2021.

## Kontaktinformasjon

Besøk Vinterlandbruksskulen si heimeside.

e-post: kontor@vlr.no

Tlf. 41481905

Det er planen at skulen skal vere i Suldal kommune skuleåret 2022/2023.

## 18 Statistikk 2020

IBU-midler (midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket): 14,5 mill. kr i lån og tilskot til prosjekt i Ytre Ryfylke. Dobling i høve til 2019.

Innovasjon Norge gjekk tom for landbruksrelaterte midlar allereie i mai. Fleire søknader ligg på vent til 2021. Her er løyvd midlar til frukt, tilleggsnæringar, tradisjonelt landbruk, reiseliv, garanti og lån. Den prosentvise fordelinga mellom kommunane er 37% til Hjelmeland, 35 % til Sandnes (Forsand) og 28 % til Strand.

### Oversikt over fordelinga

Dreneringstilskot: kr 66 000,-

SMIL-midler: kr 64 900,-

RMP søkt 2020/utbet 2021: kr 1,3 mill.

Kommunalt tilskot til nydyrking: kr 120 000,-

Planting: 200 dekar

Suppleringsplanting: 134 dekar

Ungskogpleie 139 dekar

Hogst: 25 411 kubikk (ca. 60% sagtømmer, 40% massevirke)

## 19 Digital landbrukskonferanse

### Alle vil ha matjorda, men til kva?

Landbrukskonferansen 2021 går i lufta, eller digitalt som mange seier, måndag 15. mars kl. 9:00-12:15.

Annleisåret 2020 lærte oss å sette pris på god og trygg matvareforsyning, og Rogaland leverte. Men kva nå? Vi spør oss, deg og politikarane: Korleis blir framtida for landbruket i Rogaland? Vi må snakke om jordvernet når – alle vil ha matjorda.

**Program og påmelding**

Arrangør: Statsforvaltaren i Rogaland, Rogaland bondelag, Rogaland fylkeskommune, NHO, LO, Landbruksråd Rogaland, KS og Rogaland landbruksselskap

# 20 Autorisasjon for kjøp og bruk av plantevernmidde

NLR Rogaland arrangerer digitale kurs på Teams; Autorisasjonsbevis for første gong:

- 16. mars kl. 9:00-15:30
- 23. mars kl. 09:00-15:30

**Meld deg på via elektronisk skjema**

[Prisar og meir informasjon ligg på rogaland.nlr.no.](https://rogaland.nlr.no)

Kontaktperson er Annlaug Fludal, e-post [annlaug.fludal@nlr.no](mailto:annlaug.fludal@nlr.no) og mobil 948 45 427.

# 21 Jaktseasonen 2021

Våren er tida for å planlegga jakta til hausten.

## Her er nokre fristar som kan vera greie å vita om

### Innan 1. april 2021 må du hugse å

- trekke eigedom ut av godkjent eller omsøkt vald.
- trekke eit vald ut av godkjent bestandsplanområde.

### Innan 1. mai 2021 må du hugse å

- søke om godkjenning av vald.
- melde om endringar i valdet til kommunen.
- søke om godkjenning av bestandsplanområdet.
- melde om endringar i bestandsplanområdet til kommunen.
- søke om godkjenning eller endring av bestandsplan.